



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 17/2014

Møtedato: 16.6.14

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

S 683, Nørre Trøllhøvd – endring av søknad om sel

Toril Olvik søkte i 2013 om å setja opp sel på 60 m² (tilsvarar 54 m² BRA) på stølen på Nørre Trøllhøvd. Fjellstyret godkjente søknaden i sak 35/13. Statskog klaga over vedtaket og fjellstyret opprettheld vedtaket i sak 7/14. Saka vart oversendt til Statens landbruksforvaltning (SLF) til avgjerd. Etter fjellstyret si klagebehandling og grundigare grunngjeving, opplyste Statskog i brev datert 4.2.14 at dei ikkje ville ha klaga om vedtak 35/13 hadde vore grunngjeve slik som vedtak 7/14. Statskog trekte ikkje samstundes klagen som vart til behandling i SLF. Etter SLF skriftleg og muntleg bad om ei avklaring på om Statskog ville trekke klagen, opplyste Statskog i brev datert 25.4.14 at klagen vart trekt. Fjellstyret sitt vedtak 35/13 om å gi løyve til bygging er med dette endeleg.

Torill Olvik har i brev datert 13.5.14 endra sin søknad om sel og i tillegg søkt om å få føre opp eit mindre uthus til skåle/utedo. Bakgrunn for endring av søknaden er at ho har fått tilbod om å overta ei gamal hytte som skal rivast. Den gamle hytta skal flyttast heil og det skal i tillegg førast opp eit tilbygg. Arealet blir 61 m² (BRA) og dette er ein auke på 9 m² samanlikna med det som vart godkjent i sak 35/13. Uthuset er i følgje teikningane på ca 15 m² (BRA).

Støl i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Oppland fylkeskommune er bedt om uttale til saka, men har ikkje kome med ny uttale. Til sak 35/13 gav dei følgjande uttale:

Oppland fylkeskommune ved Kulturarvenheten har ingen innvendinger mot oppføring av et nytt sel på stølen, men vil gjøre oppmerksom på følgende:

Det må tas hensyn til den strukturen og målestokken som er på setra/seterområdet fra tidligere.

Det er viktig å videreføre tradisjonen med hensyn til plassering i terreng, form og materialbruk, da med tanke på valg av bl.a. panel, farge, takutstikk og tekking. Nye seterhus bør videre ha et uttrykkløse utforming som viser når de er oppført, men underordne seg helheten i miljøet.

Statskog har i brev datert 20.5.14 gjeve følgjande uttale:

Vi viser til epost sendt 14. mai, og tidligere behandling av saken. Bruker, Toril Olvik søker nå om justering av på størrelsen på nytt sel.

Justeringen består i en utvidelse på om lag 10 m² samt nytt uthus inkl utedo. Olvik beskriver at denne løsningen er billigere enn tidligere skisse av sel. Statskog anser ikke det som relevant for saken. Når det er sagt, er ikke endringene større enn at det kan aksepteres.

Vi forutsetter at tidligere sel og uthus rives.

Statskog har ingen merknader utover dette, og tilrår fjellstyre å tillate søknaden.

På stølen er det i dag det eit mindre sel som fjellstyret i sak 35/13 har stilt som vilkår at skal fjernast. Vidare er det eit fjøs, men dette er uaktuelt å rive. Det er ikkje skåle/utedo på stølen frå før og det er derfor ikkje aktuelt å stille krav om fjerning.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret reknar stølen for å vera i bruk og har behandla søknaden etter §10 i stølsforskrift. Fjellstyret finn at det er behov det omsøkte sel og godkjenner endra søknad om bygging av nytt sel og søknad om å føre opp uthus. Løyvet er gjeve på vilkår av at det gamle selet blir fjerna.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.6.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Toril Olvik
Vestre Slidre kommune
Statskog
Oppland fylkeskommune